



Surnadal kommune

Næring, bygg og miljø

Norges vassdrags- og energidirektorat

Dvkkar ref:

Vår ref
2009/1655-88

Saksbehandlar
Bodil Gjeldnes

Dato
16.06.2014

Ønske om utsatt høyringsfrist - høyring av revisjonsdokument Folla / Vindølareguleringa

Ein viser til høyring av revisjonsdokument for Folla / Vindøla-reguleringa med høyringsfrist 20. august 2014.

Surnadal og Rindal kommunar ber om utsett høyringsfrist. Årsaker til dette er:

- Ønske om å avvente publisering av sluttrapport etter biologiske undersøkingar i Surna i perioden 2009-2013, pålagt av Miljødirektoratet med heimel i eksisterande vilkår for reguleringa. Jfr. brev frå Miljødirektoratet datert 11.04.2014 er det mellom anna forventa at sluttrapporten skal gi innspill til tiltak i den pågåande prosessen for revisjon av miljøvilkår. Undersøkingane blir utført av NINA som skal oversende sluttrapporten til regulanten Statkraft innen 1. juli. Publisering er da realistisk omkring 1. september.
- Sidan mottak av høyringsbrevet har kommunane vore i kontakt med NINA om utarbeiding av vår merknad til revisjonsdokumentet. Vi fekk tidleg tilbakemelding om at dei kunne ta oppdraget, men fekk nyleg kontrabeskjed på dette. Å utføre oppdrag i samme vassdrag for både regulant og berørte kommunar lar seg ikkje gjennomføre juridisk for NINA. Vi må no finne ein ny samarbeidspartner til dette oppdraget.

Vi ber om forståing for ønsket om utsett høyringsfrist i saka. Ny frist er ønska sett til 20. oktober 2014.

Med helsing

Bodil Gjeldnes
miljøvernkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg

1 Videreføring av ferskvannsbiologiske undersøkelser i Surna og Bævra i 2014

Kopi til:

Rindal kommune